



**Jobbnorge ID:** 242259

**Deadline:** 4/10/2023

**Website:** <https://www.met.no/>

**Scope:** Fulltime

**Duration:** Temporary

## Om oss

Meteorologisk institutt varslar vêret, overvakar klimaet og driv forskning. Sidan instituttet vart etablert i 1866 har norske meteorologar stått sentralt i utviklinga av faget. Meteorologisk institutt er i dag eit leiande internasjonalt kompetansemiljø.

Når vi kan formidle informasjon om vêr og klima til ulike brukargrupper er det eit resultat av arbeidet til ulike faggrupper på instituttet. Innsamling av vêrdata og handtering og analyse av enorme datamengder ligg til grunn. Det gjer også forståinga av korleis vi kan presentere dette for brukarane slik at dei kan gjere seg nytte av informasjonen.

## Forskarstilling innan metocean-analyse

### Om stillinga

Ved Avdeling for oseanografi og maritim meteorologi (OM) under Forskingsavdelinga til Meteorologisk institutt i Bergen er det ledig ei midlertidig toårig stilling som forskar 1108 innan metocean-analyse og tilrettelegging av data for internasjonale prosjekt.

Meteorologisk institutt utviklar og leverer ei lang rekke nyttige tenester. Vi driv eit omfattande forskingsarbeid, og leverer klimadata som blant anna kan brukast til å dimensjonere landet for framtidens klima. Vi har ein fri og open datapolitikk, som inneber at kven som helst kan bruke materialet vårt fritt og til nytte for samfunnet. Sams for alt arbeidet vårt er instituttet sitt mål om å bidra til å sikre liv og verdier. Ved OM-avdelinga i Bergen er tryggleiken til sjøs eit overordna tema og styrande for aktivitetane våre. Vi har ansvaret for utviklinga av bølgevarslingstenestene og dei operasjonelle beredskapsmodellane for alt som driv i sjøen, slik som olje, skip og søk- og redningsobjekt.

Vi har dei siste åra brukt mykje ressursar på å utvikle det nye historiske klima-arkivet NORA3. Vi har eit ansvar for å levere såkalla metocean-analyser til bruk mellom anna for offshoreindustrien og havvindnæringa. Desse analysene består av uttrekk av historiske klimadata av vind, bølger og stundom straum og har som mål å gi eit bilete av gjennomsnittlege tilhøve og ekstremverdiar for ein gitt posisjon. Instituttet er også involvert i fleire prosjekter der NORA3 og andre klimadata blir brukt. Det er difor stort behov for arbeid knytt til tilrettelegging av klimadata.

### Arbeidsområde

Stillinga vil få ansvaret for utarbeiding av spesialiserte metocean-rapportar for bølge-, straum- og vindklima både på norsk sokkel og globalt. Kandidaten vil få i oppdrag å automatisere prosedyrene som er nødvendige for uttrekk av våre hindcast-data (NORA3 og NORA10) samt for den globale reanalysen ERA5 slik at vi kan gjere våre klimadata endå meir tilgjengelege, i tråd med vår opne datapolitikk. Dette arbeidet vil også komme til nytte i andre prosjekt der avdelinga er involvert.

Stillinga byr på spennande utfordringar i eit godt operasjonelt miljø med høgt tempo og samarbeid med fagmiljø internt, nasjonalt og internasjonalt.

### Kvalifikasjonar

- MSc eller tilsvarande innan geofysikk, fysikk, anvend matematikk eller nærliggjande fagområde
- Erfaring innanfor skript-programmering (Python eller tilsvarande) er ein fordel som vil bli tillagt stor vekt
- Erfaring med numeriske modellar og programmering i Fortran eller C er ein fordel
- Kjennskap til hav- og bølgemodellering er ein fordel
- Erfaring med matematisk-statistiske metodar
- Erfaring frå programvareutvikling i eit Linux-miljø
- Erfaring med parallelisering og tungrekning er ein fordel
- Kjennskap til distribusjon av modelldata gjennom THREDDS og OPeNDAP vil vere ein fordel
- Meteorologisk institutt har norsk som arbeidsspråk. Gode skriftlege og munnlege kunnskapar i engelsk er eit krav, og utanlandske søkjarar må vere villige til å lære seg norsk
- Evne til å arbeide sjølvstendig, og gode samarbeidsevner
- Erfaring frå nasjonalt og internasjonalt forskningssamarbeid er ein fordel
- Personlig egnethet blir tillagt vekt

### Vi tilbyr

- Lønn som forskar 1108 etter kvalifikasjonar og erfaring mellom kr 470.000 og kr 520.000. Høgare lønn kan vurderast for spesielt godt kvalifiserte kandidatar.
- Ei av dei beste pensjonsordningane i Noreg (Statens Pensjonskasse) med gunstige bustadlån og gode forsikringsordningar

- Triveleg arbeidsmiljø
- Faglege utfordringar i eit moderne, teknologisk miljø
- 6 månaders prøvetid

## Kontakt

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få frå avdelingsleiar Øyvind Breivik, +47 91 10 27 07, oyvind.breivik@met.no, eller seniorforskar Lars R Hole, +47 91 76 91 41, lrh@met.no.

## Tilleggsinformasjon

Vi legg vekt på mangfald og oppfordrar derfor alle kvalifiserte til å søke jobb utan omsyn til alder, kjønn, funksjonsevne, nasjonal eller etnisk bakgrunn. MET deltek i statens inkluderingsdugnad og har som mål å få fleire med hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne ut i arbeid.

Opplysningar om hol i CV eller nedsett funksjonsevne kan brukast til rapporteringsføremål. [Les mer her](#).

Dersom ein søkar ynskjer å reservere seg frå ei offentlig søkarliste, må dette grunngjevast. Opplysningar om søkaren kan bli offentleggjort sjølv om søkaren har bedt om ikkje å bli oppført dersom omsynet til innsyn i søkarlista veg tyngre enn søkar si grunngjeving for unntak. Hvis ynskt reservasjon ikkje blir teken til følge vil søkaren bli varsla om dette før offentlig søkarliste blir utforma.

## Additional information

### Place of service:

Allégaten 70, Bergen 5007 Bergen (Bergen Municipality)